

KOMMISJONSVEDTAK**av 24. juni 1996****om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av
artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til fastmonterte
brannsløkkingsanlegg(*)****(Tekst som er relevant for EØS)****(96/577/EF)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtene:

I samband med samsvarsattestering av ei vare må Kommisjonen velje den av dei to framgangsmåtane i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF som «er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikken finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å rette seg etter dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.

Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definerast slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.

Dei to framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF, er utførleg omtala i vedlegg III til direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved

tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtane skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.

Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn og andre og tredje alternativ, medan framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet -

GJORT DETTE VEDTAKET:**Artikkel 1**

Dei varene som er oppførde i vedlegg I, skal samsvarsattesterast etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som produsenten gjennomfører ved fabrikken, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

Artikkel 2

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg II skal gå fram av mandata for harmoniserte standardar.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 24. juni 1996.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 254 av 8.10.1996, s. 44, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 67/97 av 4. oktober 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF nr. L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF nr. L 220 av 30.8.1993, s. 1.

VEDLEGG I

BRANNALARMAR/BRANNDETektorAR, FASTMONTERT BRANNSLØKKINGSUTSTYR, BRANN- OG RØYKKONTROLLUTSTYR OG EKSPLOSJONSDEMPANDE PRODUKT

- Modular for branndeteksjons- og brannalarmanlegg: kombinerte modular for branndeteksjons- og brannalarmanlegg, modular for branndeteksjonsanlegg, modular for brannalarmanlegg og modular for fjernalarmanlegg.
- Komponentar til branndeteksjons- og brannalarmanlegg: røyk-, varme- og flammedetektorar, styringsinnretningar og indikatorar, alarmoverføringsutstyr, kortslutningsisolatorar, alarmgjevarar, straumforsyning, inn- og utgangseiningar, manuelle brannmeldarar.
- Batteridrivne røykdetektorar/-varslarar.
- Modular for branndempings- og brannsløkkingsanlegg: fastmonterte brannslangar, tørre og våte brannhydrantanlegg, modular for sprinklar- og sprayanlegg, modular for skumsløkkingsanlegg, modular for pulversløkkingsanlegg, modular for gassløkkingsanlegg (medrekna CO₂-sløkkingsanlegg).
- Komponentar til branndempings- og brannsløkkingsanlegg: brannhydrantar, vasstrøymingsvakter og fluksostatar, trykkvakter og pressostatar, etasjeventilar, vassinntaksforgreiningar, pumper og pumpesett til brannsløkking, dyser/sprinklarar/uttak.
- Modular for eksplosjonsdempande anlegg.
- Komponentar til eksplosjonsdempande anlegg: detektorar, demparar, eksplosjonssensorar, eksplosjonsmotverkande produkt.
- Modular for brann- og røykkontrollutstyr: modular for røyk- og varmeavtrekksanlegg, modular for differensialtrykkanlegg.
- Komponentar til brann- og røykkontrollutstyr: røykskjermar, spjeld, kanalar, mekaniske vifter, naturlege avtrekk, kontrollpanel, naudkontrollpanel, straumforsyning.

VEDLEGG II

VAREGRUPPE:

BRANNALARMAR/BRANNDETektorAR, FASTMONTERT
BRANNSLØKKINGSUTSTYR, BRANN- OG RØYKKONTROLLUTSTYR OG
EKSPLOSJONSDEMPANDE PRODUKT (1/1)

System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere dei følgjande systema for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvars- attestering
Installasjonsmodular	Brannvern		1 ⁽²⁾
<i>Branndeteksjon/brannalarm</i>			
Kombinerte modular for branndeteksjons- og brannalarmanlegg		—	
Modular for branndeteksjonsanlegg		—	
Modular for brannalarmanlegg		—	
Modular for fjernalarmanlegg		—	
<i>Branndemping og brannsløkking</i>			
Fastmonterte brannslangar		—	
Tørre og våte brannhydrantanlegg		—	
Modular for sprinklar- og sprayanlegg		—	
Modular for skumsløkkingsanlegg		—	
Modular for pulversløkkingsanlegg		—	
Modular for gassløkkingsanlegg (medrekna CO ₂ -sløkkingsanlegg)		—	
<i>Ekspløsjonsvern</i>			
Modular for eksplosjonsdempande anlegg		—	
<i>Brann- og røykkontroll</i>			
Modular for røyk- og varmeavtrekksanlegg		—	
Modular for differensialtrykkanlegg		—	
Batteridrivne røykdetektorar/-varslarar		—	
Komponentar	Brannvern		1
<i>Branndeteksjon/brannalarm</i>			
Røyk-, varme- og flammedetektorar		—	
Styringsinnretningar og indikatorar		—	
Alarmoverføringsutstyr		—	
Kortslutningsisolatorar		—	
Alarmgjevarar		—	
Straumforsyning		—	
Inn- og utgangseiningar		—	
Manuelle brannmeldarar		—	
<i>Fastmontert utstyr til branndemping og brannsløkking</i>			
Brannhydrantar		—	
Vasstrøymingsvakter og fluksostatar		—	
Trykkvakter og pressostatar		—	
Etasjeventilar		—	
Vassinntaksforgreiningar		—	

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvars- attestering
Pumper og pumpesett til brannsløkking		—	
Dyser/sprinklarar/uttak		—	
<i>Ekspløsjonsvern</i>			
Detektorar		—	
Dempingar		—	
Ekspløsjonssensorar		—	
Ekspløsjonsmotverkande produkt		—	
<i>Brann- og røykkontroll</i>			
Røykskjermar		—	
Spjeld		Sjå basisdok. nr. 2	
Kanalar		Sjå basisdok. nr. 2	
Mekaniske vifter		—	
Naturlege avtrekk		—	
Kontrollpanel og naudkontrollpanel		—	
Straumforsyning		—	

⁽¹⁾ Sjå føresegnene i basisdokument nr. 2 og/eller «Horizontal complement to the mandates in respect of resistance to fire» (Gjennomgåande tillegg til mandata med omsyn til brannmotstand).

⁽²⁾ System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han i kkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.